

Til debatt deltakere, medier og
FNF-tilknyttede organisasjoner i Vestland



Bergen, 17. august 2023

Må vestlandsnaturen byggjast ned for at vi skal nå klimamåla?

Desse fem spørsmåla blei sendt ut til dei ti partia som i dag er representerte på fylkestinget i Vestland – då som ei «oppvarming» til debatten *Må vestlandsnaturen byggjast ned for at vi skal nå klimamåla?*

Vi var så heldige å få svar frå desse åtte partia: Arbeiderpartiet, Folkets parti, Høyre, Kristelig folkeparti, Miljøpartiet Dei Grøne, Raudt, SV og Venstre.

1. **Er ditt parti for utbygging av fornybar energi i natur?** Viss ja; spesifiser gjerne kva for nokre utbyggingar de meiner kan vere aktuelle i Vestland fylke.
2. **Er ditt parti einige i desse målsetjingane som gjeld vindkraft innan 2035** (formuleringa er henta frå høyringsutkastet til den regionale planen for fornybar energi): «5–10 TWh straum frå havvind har blitt ilandført i fylket, og 0,5–3,4 TWh ny straum frå landvind i høve til 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland.»
3. Statnett skisserer ulike scenarier i sin [langsiktige marknadsanalyse](#) både for straumproduksjon og straumforbruk. Noreg og Vestland står altså overfor eit val om å auke straumproduksjonen massivt – mest truleg på bekostning av sårbar natur – eller å intensivere arbeidet straumsparing og energiøkonomisering og då auke straumproduksjonen meir moderat. **Kvar vil ditt parti leie Vestland – som region – i dette landskapet?**
4. Norsk vasskraft er klage inn til ESA for brot på vassdirektivet, mellom anna på grunn av for mykje tørrlegging av vassdrag, noko som har store negative konsekvenser for naturmangfaldet. **Korleis stiller ditt parti seg til restaurering av vassdrag og krav om minstevassføringar på den eine sida – og ytterlegare nedbygging av vassdragsnaturen gjennom nye vasskraftverk i Vestland?**
5. **Korleis stiller ditt parti seg til å byggje ut vasskraft i allereie verna vassdrag?**

Arbeiderpartiet

1. For å skape like moglegheiter for alle og ein sterk offentleg velferdsstat, må vi sikre auka grøn verdiskaping basert på vårt naturgitte potensiale i Vestland. Løysinga er å skape for å dele, samtidig som vi kuttar klimagassutslepp.

Vestland Arbeidarparti vil følgje FN's berekraftsmål i politikktutforminga og ha klima, natur, folkehelse og sosial utjamning som ramme rundt all politikk. Det betyr at Vestland Arbeidarparti er skeptisk til å byggje ned natur. Samstundes står vi i ei situasjon kor vi får eit auka energibehov i framtida frå folk og næringsliv. Difor kan ikkje vi seie nei til all utbygging av fornybar energi i natur. Men vi kan ikkje peike på konkrete utbyggingar her.

Vi må utnytte energien vi allereie produserer betre gjennom enøk-tiltak. Det skal vi gjere i eigne bygg og tenester, og Vestland Ap vil vere ei pådrivar for omfattande nasjonale satsingar på energiøkonomisering. I tillegg til dette, må energiproduksjon i allereie utbygd natur effektiviserast.

Vi seier mellom anna i programmet vårt nei til kraftutbygging i verna vassdrag, inkludert småkraftverk. Utbygging kan unntaksvis vurderast ved nødvendig flaumsikring eller ved nytt kunnskapsgrunnlag om verneføremål.

Det er naturressursane våre som har skapt grunnlaget for det mangfaldige næringslivet i Vestland. Verksemdar innan verftsindustri, olje og gass, prosessindustri, fornybar energi, reiseliv, landbruk, fiske og oppdrett er sentrale for verdiskapinga i Vestland.

Arbeiderpartiet vil at Vestland skal være eit føregangsfylke i det grønne skiftet. Vi vil vere ein pådrivar i arbeidet med å auke produksjonen av fornybare ressursar frå skog og jordbruk.

Vi vil redusere klimagassutslepp og bruke ressursane våre betre slik at Vestland er eit føregangsfylke innan sirkulærøkonomi.

Vi må sikre velferd og arbeid i omstillinga, og difor må vi sørge for at folk har arbeid å få til i framtida. Gjer vi ikkje det, klarar vi ikkje det grønne skiftet.

2. Verda har endra seg mykje dei siste fire åra. Europa står i ei akutt energiforsyningskrise, og Norge kan potensielt stå overfor mange år med høge straumprisar og kraftunderskot. Vi vil vere pådrivar for at område langs kysten i Vestland vert opna for offshore vindkraft, i samråd med kommunane og innanfor nasjonale planar, slik at mest mogleg av verdiskapinga skal skje i fylket vårt. Difor er vi i utgangspunktet positiv til målsettinga høyringsutkastet har om straum frå havvind.

Når det gjeld vindkraft på land, er det vanskelegare å seie. Vi seier ikkje kontant nei til nye vindkraftprosjekt på land, men stiller strenge vilkår for utbygging. Vi vil sikre at vertskommunane har reell moglegheit til å seie nei til framtidige vindkraftprosjekt og at arealplanar for nye vindkraftanlegg på land vert handsama etter plan- og bygningsloven. Natur er noko av det som skal vere ramma rundt vår politikk.

Vi vil sikre at større delar av inntektene frå vindkraft på land skal gå til vertskommunen, blant anna gjennom ei auke i skatt og produksjonsavgift.

3. Vi meiner det ikkje kan vere eit val mellom auka produksjon og auka energiøkonomisering. Vi må gjere begge delar, og redusera behovet for energiproduksjon ved å energieffektivisere. Meir nett, meir kraft og meir enøk. Det er behov for å auke kraftproduksjonen i Norge. Det er behov for å styrke nettkapasiteten i hele Vestland fylke for å møte framtidens etterspørsel etter meir effekt. Vestland Arbeidarparti vil legge til rette for auke i energiproduksjonen, i

tråd med miljøkrav og med lokal forankring. Kommunar som seier ja til ny energiproduksjon skal få ein rettferdig del av verdiane som vert skapte.

Fylket har mange urørde naturområde med stort biologisk mangfald. Arbeidarpartiet skal verne om naturmangfaldet og jobbe for meir produksjon av energi med minst mogleg naturinngrep. Difor vil vi arbeide for å fremje tiltak for betre utnytting av distribusjonsnettet, energieffektivisering (til dømes gjenbruk av spillvarme i industri) og lokal energiproduksjon i heile fylket. Omsynet til berekraft, klima og naturmangfald skal vere førande i regionale planar og ved innspel til lokale og statlege planar.

Vestland har alle føresetnader for å lukkast. Målet vårt er eit samfunn der vi utnyttar ressursane våre best mogleg, sikrar naturmangfaldet og aukar kraftproduksjonen for folk og næringsliv.

4. Norske vassdrag, store og små, skal ta omsyn til naturmangfaldet. Difor meiner vi at krav til minstevassføring skal følgjast, og skal sikre at lokalt naturmangfald vert helde i hevd samstundes som vi har energiproduksjon.

Tilgang på rein fornybar kraft har alltid vore eit av vestlandsindustrien sine største konkurransefortrinn. Vestland Arbeidarparti vil at vasskraftressursane skal brukast slik at det også i framtida skal vere grunnlag for industriproduksjon i fylket. Difor vil vi arbeide for å oppgradere eksisterande vasskraftanlegg og linjenett for å redusere krafttap og sikre stabil tilgang på straum. Meir effektive vasskraftanlegg vil kunne medføre betre ivaretaking av naturmangfaldet i vassdraget.

No er dei aller fleste resterande vassdrag i Vestland verna. Vi seier nei til kraftutbygging i verna vassdrag, inkludert småkraftverk.

5. Vestland Ap seier nei til kraftutbygging i verna vassdrag, inkludert småkraftverk. Utbygging kan unntaksvis vurderast ved nødvendig flaumsikring eller ved nytt kunnskapsgrunnlag om verneføremål. Vidare vil vi vekte omsynet til naturmangfald og miljøvern tungt når gjeldande vasskraftkonsesjonar skal reviderast.

Folkets parti

1. I røynda ikkje. Folkets Parti (tidl. Folkeaksjonen) seier nei til meir bompengar) ynskjer fornybar energi, men berre dersom den ikkje er til skade for natur og miljø. Det vil seia at vi som hovudregel seier nei til nye utbyggingar. Vi har derfor ingen mogelege utbyggingar i tankane. Men vi vil gjerne oppgradera dei eksisterande vasskraftverka vår der dette er lønsamt og miljømessig forsvarleg. Vi vil også vurderer evt. tiltak i vassdrag som kan sikra oss betre mot flaumskadar.
2. Svaret vårt her er nei, noko som det også har vore stor semje om i fylkestinget. Folkets Parti seier nei til vindturbinar, både lands og på havet. Dette standpunktet har vi hatt i inneverande periode, og det vidarefører vi i det komande programmet. Eit mogeleg unntak her kan vera mindre installasjonar inne på eksisterande industriområde.
3. Å vurderer det framtidige straumforbruket er ein krevjande øving. Det er også ein del større politiske spørsmål som vil bety mykje for svaret, t.d. elektrifisering av installasjonane i

Nordsjøen, etablering av ny industri som er ekstremt kraftkrevjande samt i kva grad vi sel krafta vår ut av landet. Folkets Parti tek utgangspunkt i at det vert teke politiske vedtak som gjer at det truleg ikkje vert trong for svært mykje meir straum i landet. Vi vil også auka produksjonen i dei eksisterande vannkraftverka der dette er lønsamt og miljømessig forsvarleg, og vi vil fortsetje arbeidet med energieffektivisering.

4. Vi kan ikkje akseptera ein ytterlegare nedbygging av vassdragsnaturen gjennom nye vasskraftverk i Vestland. Vi stiller oss bak den gjeldande nasjonale strategien for restaurering av vassdrag for perioden 2021-2030. Vi gjer og merksam på at vi har stemt for den vedtekne regionale planen for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027, også for punkt 8 i vedtaket om auka kraftproduksjon. Men det er då oppgradering av eksisterande vannkraftverk vi legg til grunn (jmf. svaret vårt overfor).
5. Folkets Parti seier nei til å bygge ut vasskraft i allereie verna vassdrag?

Høyre

1. Høyre er for å bygge ut mer fornybar energi. Det er nødvendig for å skaffe nok kraft til elektrifisering og grønne investeringer og omstilling i industrien. Det kan bety inngrep i natur, men bør skje skånsomt og etter grundige prosesser for å finne gode løsninger. Det er aktuelt både med vannkraft og vindkraft. Høyre på fylket vil legge vekt på det lokale synet, de er tettest på saken og kan veie ulike interesser opp mot hverandre.
2. Høringsutkastet skisserer mål for ny kraft, men de enkelte prosjektene får individuell behandling. Høyre synest det er rett å sette måltall, slik det er gjort med nedre og øvre grense, jfr. at de prosjektene blir endeleg avgjort enkeltvis. Høyre på fylket vil legge vekt på det lokale synet, de er tettest på saken og kan veie ulike interesser opp mot hverandre.
3. Høyre ser det som nødvendig både å skaffe ny kraft og spare kraft gjennom ENØK-tiltak. Bruk av mer fornybar kraft har og positiv klimaeffekt, og er nødvendig for å realisere Grønn Region Vestland.
4. Høyre har støttet den regionale vannforvaltningsplanen som har konkrete mål om bedre miljøtilstand i vassdragene. Det gjelder og regulerte vassdrag, der økt minstevassføring er aktuelt tiltak, eller andre tiltak som hever kvaliteten (åpning av sideløp, terskler). Høyre er klar på at det må være kost nytte vurderinger, der miljøforbedringer blir vurdert opp mot verdien av kraftproduksjon. Det gjelder å finne gode løsninger både for miljø og kraft. Hvert vassdrag må vurderes konkret.
5. Høyre åpner for å bygge ut i vernede vassdrag. Særleg der det er viktig for å dempe flomfare og sikre liv og helse. Det må og være skånsomt slik at det ikke går ut over verneinteressene/grunnlaget for vernvedtakene. Som ellers, avhengig av grundige prosesser.

Kristelig Folkeparti

1. KrF vil ikkje bygge vindkraft der det inneber store og irreversible naturinngrep i særleg sårbare og verneverdige områder. Det er trong for meir rein energi og KrF vil ikkje avvise vindkraftanlegg på t.d. allereie utbygde område. Vi vil legge sterkt vekt på lokale vedtaker. KrF er òg positive til mindre anlegg, også for vind, og småkraft-utbyggingar.
2. Ja, KrF støtta regional plan for fornybar energi, slik den forelå, og synes det er svært synd at fleirtalet i fylkestinget utsatte planen.
3. KrF vil installere solceller på alle nye fylkeskommunale bygg og der det er tenleg på dei gamle. Vi vil også sjå på korleis termisk energi kan nyttast. Vi vil vere restriktive til nedbygging av natur til store hyttefelt og ønskjer å verne natur. Det er trong for meir rein energi og KrF vil ikkje avvise vindkraftanlegg på t.d. allereie utbygde område. Utbygging av utsleppsfri energi står for en brøkdel av areala av tapt naturområde, og vi vil sjå heilskapeleg på problemet. Samstundes er ønskjer vi å prioritere straumsparing og energiøkonomisering.
4. KrF vil sikra minstevassføring og at omsyn til naturmangfaldet ved revisjon av konsesjonar eller evt. nye konsesjonar.
5. KrF vil ikkje opne for utbygging av verna vassdrag. Vi kan likevel vurdere enkelte prosjekt som har flaumsikring som hovudargument og som ikkje svekker verneverdiane.

Miljøpartiet Dei Grøne

1. Vi ønskjer ei satsing på havvind, men då med kunnskap og omsyn til dømes fugletrekk og fiskeområder. På land er MDG heilt mot vindkraft i urørt natur, men er åpen for vindkraft i der det er eksisterande inngrep, til dømes industriområde og kanskje noko i eigna kulturlandskap.
2. Det er viktig for MDG at vi fylket har ambisjon om meir fornybar kraft, inkl. vindkraft, men som nemnd er vi sterkt negative til vindkraft i urørt natur på land. Det grønne skiftet har eit stort energibehov, og det er framleis mange TWh fossil energi som må byttast ut. Ny havvind kan og bør vera eit viktig element.
3. Det viktigaste og smartaste er å starte med straumsparing og straumøkonomisering. Her er det mykje potensiale for staten og Enova å stimulera til betre gjennomføring, og her bør fylkeskommunen vera ein viktig pådrivar. Samtidig er det likevel mykje fossil energi som må transformerast til meir klimavenleg energi, og då må det produserast meir ny energi. Men vi kan ikkje gjera det utan å samstundes sjå til naturmangfaldskrisa. Difor er det uaktuelt for MDG å bygge ut vasskraft i verna vassdrag og vindkraft i urørt natur. Vi ønskjer ei restriktiv haldning til ny vasskraft, men kan vera positive til oppgradering av eksisterande vasskraft om naturkostnaden ikkje bli for stor.

4. MDG meiner det er på tide med ny regulering av vassmagasin og kraftvassdrag. Det må innførast krav om minstevassføring i alle kraftvassdrag, både gamle og nye. Ny kunnskap må resultera i skjerpa vilkår.
5. Varig vern av natur har ingen verdi om det ikkje er varig. Det er uaktuelt for MDG å akseptera nebygging av slike vassdrag. Vi arbeider for at slikt vern skal bli sterkare enn det vi ser no.

Raudt

1. Nei, korkje på land, i fjæra eller til havs. Vi vil halde fast på eit føre var-prinsipp.
2. Vi er ikkje einige i premisset om at havvind er naudsynt, for at Vestland skal ha tilstrekkeleg tilgang på straum i kraftnettet. Vi er imot den storstilte eksporten av kraft og vi jobbar for å gjennomføre storstilt energieffektivisering. (Sjå Raudt sin kraftplan lansert 07.08.2023.)
3. Vi vil stogge elektrifiseringa av oljesektoren (som vi meiner vi er nøydd å trappe ned systematisk, vi vil ikkje gje fleire leitelisensar), vi seier nei til kryptoutvinning/TikTok sentra, og vi vil ikkje satse på Amoniakkfabrikker som den i Bremanger (sjølv om vi støttar den som er i emning i Tyssedal/Odda i samband med Tizir der vi syns det er meir fornuftig og energiøkonomisk å skape slike grønne industriarbeidsplassar), som sikter på å bygge ned heilt uerstattelege holmer (tre stykk!) der det finns tareskog og ålegrasenger (2 stk på over 30 dekar), som er det viktigste oppvekstområde for all fisk og krepsedyr. Det er kun også 400 meter til fuglereservat område. I en tid med fugleinfluenta og massedød blant fugl, må vi ikkje gløyme at viktige naturområder som disse er viktige for bestandar og sunne fugletrekk.
4. Raudt vil revidere gamle vannkraftkonsesjonar for å sette restriksjonar på senkningsfart, sette sesongavgrensingar på høgste og lågaste vannstand, stille krav til minstevassføring og omfang av effektkjøring. Vi vil oppgradere og vedlikehalde allereie eksisterande vasskraft-anlegg, dette vil frigjere mykje TWh, som vi vil nytte etter ein møyssommelig plan basert på samfunnsnyttig foredling. Raudt vil ikkje bygge ut ny, naturøydeleggande vindkraft eller legge verna vassdrag i rør. I 2021 la Rødt fram ein kraftplan som viste korleis vi ville ha nok kraft i 2040, ved å prioritere kva vi bruker krafta til, energieffektivisere og gjere ein rekke mindre inngripande tiltak for å skaffe ny kraft frå mellom anna sol, vann og biogass. Vi vil restaurere myr, vassdrag og elveløp når dette er naudsynt for å ivareta lakse/fiske bestandar og biologisk mangfald. Vi er optekne av at laksetrapper skal vere fullgode alternativ for laksen, og vil ikkje støtte effektkjøring.
5. Dette har vi jobba imot på stortinget, og krevd at energikommisjonen ikkje vurderte verna vassdrag inn i fremtidas totale kraftmengde i Norge. Vi har jobba for å sikre vernede vassdrag et varig, juridisk bindende og sektorovergripende vern.

SV – Sosialistisk Venstreparti

1. Nei, slik formuleringane i programmet ligg no, og dei prosjekt som er aktuelle, så seier SV nei til utbygging av fornybar energi i natur i Vestland. Med Naturavtalen frå desember 2022, FNs naturpanel og sist no FNs klimapanel som seier at det nest viktigaste for å stoppe klimaendringane er å ta vare på naturen, så må klimakrisa og naturkrisa sjåast i samanheng og løysast i samanheng.

SV har i sitt program at vi vil verne meir natur, og har peika på ei rekke fjell og kystområder som vi i staden meiner bør vere løfta fram som varig vern, i tillegg til dei som i dag er gjenstand for vern som Matrefjella, Øystesevassdraget og Hornelen. Matrefjella er mellom anna aktuelle for storstilt vindkraftutbygging, noko Vestland SV har vore imot heile vegen. Vestland SV seier nei til utbygging av vindkraft på land og som botnfaste anlegg nær kysten. Det betyr at vi seier nei til dei planlagte og skisserte vindkraftanlegga i fylket, enten dette er i Nordhordland, Høyanger/ Sunnfjord eller Kvinnherad. Alle desse er planlagte i svært verdifulle kyst og fjellområder, som vi veit er dårleg kartlagt og er viktige naturtyper både for Noreg og verda.

Som det står under, så meiner vi det er avgjerande at verna vassdrag framleis vert verna, og at ein avslår alle diskusjonar om å opne opp for kraftutbygging i verna vassdrag, både når det vert sett i samanheng med flomtiltak eller når det er snakk om utbygging av småkraftverk. SV meiner også at potensialet for solenergi må realiserast på Vestlandske tak og ikkje gjennom storskala utbygging på landareal i natur.
2. SV har stemt mot formuleringane og ambisjonsnivået på vindkraft på land, men for formuleringane om havvind. SV har vore imot formuleringane som gjeld vindkraft på land gjennom heile prosessen med regional plan for fornybar energi. I juni 2022 fekk vi gjennomslag for at ein tok ein ekstra runde med kommunane for å høyre om det i det heile var nokre kommunar som var villig til å ha vindkraft hjå seg (noko det ikkje er) og når planen skulle verte sendt ut på endeleg høyring så fremma SV forslag om å ta ut akkurat det punktet som gjeld ambisjonen om «0,5 - 3,4 TWh ny straum frå landvind». Diverre var det berre Sp og SV som stemte for det i fylkesutvalet i november 2022. Når planen kom til behandling i fylkestinget i mars 2023 var derfor vår vurdering for å unngå at dette vart vedteken at denne delen av planen vart utsatt. Det vart det fleirtal for.
3. SV meiner det aller viktigaste er å verkeleg få satsing på energiøkonomisering, og har ei rekke formuleringar om dette i programmet vårt. Og vi meiner det i Noreg er eit potensial for å spare energi tilsvarande 20TWh fram mot 2030. Så meiner vi det er mogleg å få mykje meir straum ut av solenergi, gjennom å få til storskala satsing av småskala areal som alle vestlandske tak, SV nasjonalt har mellom anna foreslått eit statleg solcelleselskap for å få opp bruken av solenergi på private, offentlege og næringsbygg. Dette potensialet må realiserast først. Dernest meiner vi det er viktig at vi styrer bruken av krafta. Vi må sikre at krafta vert brukt til reelle klimakutt og grønn omstilling for dei store industribedriftene og ny grønt næringsliv, og vi er derfor også tydeleg på at vi seier nei til kraftkrevjande næringsetableringar som bitcoin og kryptovaluta utvinning. SV seier dessutan nei til elektrifisering av oljeplattformene med straum frå land, og meiner oljeselskapa må elektrifisere og kutte utslipp gjennom pålegg om å skaffe straumen sjølv gjennom flytande

havvind. SV er derfor for ei havvindsatsing og har i nasjonal samanheng anslått potensialet for havvind til ca 15 TWh.

Så meiner SV at det også er potensial for oppgradering av vannkraftverket 5-6 TWh, potensialet for dette er nok ikkje størst i Vestland, men i Noreg som heilskap er det framleis meir å hente. Vi må jo huske på at det er ikkje mangel på straum i Vestland. Vi er framleis det største kraftproduserande fylket i landet, med stort kraftoverskot som går ut av fylket.

4. SV meiner vi må skjerpa krava om minstevassføring og fysiske tiltak for å betra miljøet i dei regulerte elvane. Diverre har vi også her blitt nedstemt når det kjem til å kreve strengare formuleringar knytt til vassdragskonsesjonane i Vestland.
5. SV meiner at verdiane i allereie utbygde vassdrag må sikrast, og avslå søknadar om kraftutbygging i verna vassdrag, inkludert småkraftverk i verna vassdrag.

Venstre

1. Det kan vere aktuelt å auke kapasitet på eksisterande småkraftverk, men her må ein sjå på det konkrete prosjektet. Havvind er vi for, men interessekonfliktene her vil kanskje kome meir etter kvart. Vi meiner naturen skal ha forkjørsrett.
2. Ja, men linjenettet er også ein begrensande faktor her som vi må sjå på og der er også konflikter knytt til desse.
3. Enøk er viktig og her synes vi at vi absolutt kan auke innsatsen betrakteleg. Eg er ueinig i at utbygging alltid medfører tap av sårbar natur. I vårt program går vi inn for vindkraft t.d. i industriområde – sjølv om vi også her må vurdere eit og eit prosjekt. Vi er også positive til å auke kapasitet i eksisterande småkraftverk, (sjå feks fleire prosjekt om dette i Ulvik) sjølv sagt med vurdering av eit og eit prosjekt. I partiet vår er det også vilje til å undersøke i kva grad vi kan utnytte kjernekraft som energikjelde.
4. Vi ser ikkje for oss nye vasskraftverk så vidt eg veit, og iallfall ikkje i verna vassdrag!!
5. Nei og atter nei.

Vennlig hilsen,

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland

v/ koordinator Gunvar Mikkelsen

Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland er et samarbeidsforum for natur- og friluftsansjasjoner i Hordaland, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftsansjessene. Per i dag er det elleve ansjasjoner tilsluttet FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag (DNT), Naturvernforbundet Hordaland, Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, BirdLife Norge avd. Hordaland, Hordaland fylkeskystlag, Norsk Botanisk Forening Vestlandsavdelingen, Syklistenes Landsforening Bergen og omegn, Voss Utderslag (DNT), Voss Kajakkklubb og Hordaland krins av Norges Speiderforbund. Sammen representerer ansjasjonene rundt 40 000 medlemmer.